# Kulturmidlar - Tilskott

Referansenummer: Z6IP43

Registrert dato: 15.03.2019 20:30:11

Vedlegg:

Nordhordlandsbrua framsida på boka.docx

Nordhordlandsbrua innhaldsfortegnelse boka frå 1994.docx

Nordhordlandbrua - frå kongstanke til røyndom . Jubileumsbok, kostnadsoverslag .docx

Nordhordlandsbrua - omtale prosjektet jubileumsbok.docx

## Innleiing

Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå enkeltpersonar og lokale lag/grupper/organisasjonar.

Søkjaren er

- ○ Enkeltperson
- ⦿ Gruppe/lag/organisasjon

Vel kategori for prosjektet

- ☐ Kulturmidlar driftstilskott
- ☐ Kulturmidlar investeringar
- ☒ Kulturmidlar aktivitets- og prosjekttilskott
- ☐ Ungdomsmidlar

Namn/arbeidstittel på prosjektet

Boka Nordhordlandsbrua. Nyutgjeving, 25-års jubileumsbok m/tillegg

## Om søkjaren

### Organisasjonen

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer | |
| Namn<br>Boknemda - nyutgjeving av boka Nordhordlandsbrua, v/Johannes H. Fosse | Adresse<br>Sagstadvegen 55 |
| Postnummer<br>5918 | Poststad<br>FREKHAUG |
| Telefonnummer<br>90994416 | E-postadresse<br>johshfosse@yahoo.no |
| Bankkontonummer<br>36257935374 | |
| Namnet på leiaren<br>Johannes H. Fosse | |

### Kasserar

| | |
|---|---|
| Førenamn<br>Johannes H. | Etternamn<br>Fosse |
| Telefonnummer<br>90994416 | E-postadresse<br>johshfosse@yahoo.no |

## Omtale av søkjaren/prosjektet

Omtale av søkjaren/organisasjonen

Boknemda for Jubileumsboka for Nordhordlandsbrua  består av Johannes H. Fosse,
Paul G. Scholz, Einar Vatne og Rune Brundtland.
Johannes H. Fosse var ein av medlemane i boknemda for den opprinnelege boka om Nordhordlandsbrua. Han har teke initiativet til nyutgjeving/jubileumsbok. Me er ei "sjølvoppnevnt" nemnd som tende på ideen til Johannes. Me ser det ligg så mykje historikk i boka som bør koma både noverande og neste generasjonar til gode at me vil satsa på å medverka til å gjennomføra prosjektet. Vonar Lindås kommune og Meland kommune ser verdien i dette og støttar tiltaket!

Omtale av prosjektet/aktiviteten

«Nordhordlandsbrua – Frå kongstanke til røyndom»
Denne boka vart utgjeven i 1994 i samband med opning av Nordhordlandsbrua. I innleiinga skriv Sverre Helland  (for boknemda) , mellom anna at «Meininga med denne boka er å fortelja litt om levemåte og reisemåte for folket i Nordhordland i gamal tid og fram til i dag. Men det er først og fremst litt av historia om korleis eit distrikt sundrive av fjordar og øyar – ved eigen innsats og med samarbeid innan distriktet og fylkeskommunale og sentrale styresmakter - no er bunde saman med vegar og bruer». Den opprinnelege boka inneheld svært mykje historikk om Nordhordland heilt frå 1870 talet og fram til 1994. Vi kan nemna f.eks. samferdsel, 166  stoppestader for dampbåtane, 49 meieri. Omtale om når bilen kom til Nordhordland, ferjene, bruene og vegane med årstal då dei vart bygde.
Johannes H. Fosse som og var med i den første boknemda har teke initiativet til å få gjeve ut denne boka på nytt med eit tillegg om kva ringverknader Nordhordlandsbrua har fått for regionen i ettertid . frå 1994 til 2018. Det gjeld m.a. utvikling i kommunikasjonar, vekst i folketalet, bustadbyggjing, næringsutvikling o.s.v..   Boknemda satsar på å gje ut boka som ei 25 års  jubileumsbok .
Mange har etterspurt den opprinnelege boka som vart trykt i ca 1000 eksemplar. Men den har ikkje vore tilgjengeleg dei siste 20 åra.
I den overordna kulturplanen til Lindås kommune heiter det m.a. at:
*Bygdeidentiteten skal ivaretaktast
*Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg
Boka har stor kulturhistorisk verdi for Nordhordland Målgrupper – frå 10 til 100 år. Boka bør vera tilgjengeleg i skuleverket og vera ein del av lokalkunskapen til ungdomane våre.
Bruopninga var i september 1994.
Jubileumsboka må difor vera ferdig seinast i august 2019.
Vonar på snarleg svar på søknaden, då arbeidet ikkje kan starta opp før finansiering er i orden.
Boknemda for jubileumsboka «Nordhordlandsbrua – 25års jubileum»
Johannes H. Fosse     Einar Vatne      Paul Scholz       Rune Brundtland

| Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten | Staden for prosjektet/aktiviteten |
|---|---|
| start april - fullføring innan august 2019 | Nordhordland |

Er aktiviteten tilrettelagd for funksjonshemma?

(●) Ja   ( ) Nei

## Budsjett

Før opp alle beløpa i heile tusen kroner.

UTGIFTER

Sum utgifter

50

| Spesifikasjon | Beløp |
|---|---|
| Tilrettelegging, oppsett av sider m.m. | 10 |
| Trykking av 1000 bøker | 23 |
| Nye bilete | 2 |
| Tilleggsdel, omhandlar utviklinga 1994-2019 | 15 |
| | Sum: 50,00 |

FINANSIERING

| | |
|---|---|
| Søknadsbeløp for denne søknaden<br>35 | |
| Blir det søkt tilskott hos andre instansar?<br>(•) Ja ( ) Nei | Søknadsbeløp hos andre instansar<br>15 |
| Spesifikasjon - andre instansar | Beløp |
| Meland kommune | 15 |
| | Sum: 15,00 |
| Andre inntekter utanom tilskott<br>0 | |
| Spesifikasjon andre inntekter | Beløp |
| Ingen | 0 |
| | Sum: 0,00 |
| Sum finansiering<br>50 | |

## Medlemsmasse

| |
|---|
| Før opp antall medlemmer i organisasjonen |
| Mellom 0 og 5 år<br>0 |
| Mellom 6 og 12 år<br>0 |
| Mellom 13 og 19 år<br>0 |
| Over 20 år<br>0 |
| Har organisasjonen medlemskontingent?<br>( ) Ja (•) Nei |